

# HANDLINGSPLAN - 2022

## - Prioriterte tiltak for Overordna samarbeidsutval i lokalsjukehusområdet

- Samarbeidsutvalet for Bergen kommune
- Samarbeidsutvalet for Nordhordland
- Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
- Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

Område	Tiltak	Tidsramme	Status nov. 2022
Oppfølging av samarbeidsavtaler	<b>1.1 Samarbeid om handtering av pandemiar</b> - Planlegge og gjennomføre ei evaluering av korleis <a href="#">Avtale om samarbeid ved pandemisk influensa</a> og koordineringsgruppa har fungert i den pandemiske situasjonen. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Har avtalen bidratt til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under pandemien?</li> <li>○ Har avtalen sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus?</li> </ul>	2022	SSE undersøker om ekstern kan gjera evalueringa. Det er ønske om både ein kvantitativ (spørjeundersøking) og ein kvalitativ evaluering (fokusgruppe intervju).
	<b>1.3 Tenesteavtale 10</b> - Samarbeid om førebygging - Revisjon og signering - Utarbeide forslag til implementering	Våren 2022	Avtalen er sendt til signering hos partane. Manglar signatur frå 3 kommunar (Bjørnafjorden, Samnanger og Vaksdal)
	<b>1.4 Tenesteavtale 11</b> - Utarbeide og inngå særavtalar	2022	Utkast til mal har vore diskutert i 3 UFAB. Revidert utkast går til Felles UFAB. Usikkert når nasjonal rettleiar for akutthjelparordninga er klar.
	<b>1.5 Utarbeide retningslinjer for samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging.</b> - somatikk - psykiatri	2022	Arbeidet pågår. Arbeidsgruppa held seg til framdriftsplanen.
	<b>1.6 Utarbeiding av samarbeidsavtaler/tenesteavtalar som møter dei to nye lovkrava til kva samarbeidsavtalane skal innehalda</b> - «konkret beskriving av korleis partane saman skal utvikle og planlegge tenestene» (punkt 12 i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd)	Hausten 2022	Arbeidet har ikkje starta opp

	- «samarbeid om ytelse av helse- og omsorgstenester til barn og unge med samansette vanskar og lidingar, og som derfor mottar tenester frå begge forvaltningsnivåa» (punkt 13 i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd)		
	<b>1.7 Revisjon av overordna samarbeidsavtale i føretaksområdet</b> - Arbeidsgruppa for etablering av helsefellesskapet vil legge fram si tilråding om prosess for denne revisjonen.	2022	Ny overordna avtale er signert av partane
	<b>1.8 Årleg gjennomgang av avtaleverket</b>	Hausten 2022	Arbeidet er i gang

Område	Tiltak	Tidsramme	Status nov. 2022
Oppfølging av andre samhandlings-initiativ	<b>2.1 Etablering av Helsefellesskap</b> - vedta ny samarbeidsstruktur - operasjonalisera vedtak - vurdere behov for revisjon og tilpassing av handlingsplanen - sikra prioritering av dei 4 prioriterte gruppene (barn og unge, skrøpelege eldre, personar med samansette lidingar og personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem)	2022	Helsefellesskapet i Helse Bergen føretaksområde er etablert
	<b>2.2 Retningslinjer for lege til lege-samarbeidet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta</b> - Fullføre arbeidet som er sett i gang. MFU har følgjande mandat til arbeidet: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kartlegge samhandlingsutfordringar i lege til lege-samarbeidet/systematisere innmeldte enkeltsaker</li> <li>○ Lage spesifikke retningslinjer, forslag til saksgang og beslutningsstruktur for aktuelle kliniske problemstillingar og samarbeidsområde med kjente samhandlingsutfordringar. I fyrste omgang avgrensa til samarbeidet mellom legar i spesialisthelsetenesta og fastlegar</li> <li>○ Foreslå eit system for rapportering og oppfølging av avvik</li> </ul>	2022	Utvalet held fram med arbeidet knytt til retningslinjer for lege til lege-samarbeid i tråd med mandat gjeve av samarbeidsutvala.
	<b>2.3 Digital samhandling</b> - Utvikle den digitale samhandlinga mellom kommunane og sjukehusa - Partane skal vera orientert om prosjekt/tiltak som føregår med omsyn til digital samhandling	2022	Samarbeidsutvala har fått ein oppdatert oversikt over strukturane innan e-helseområdet på kommunal side.  Helsefellesskap var oppe som tema på Digital helse-

			<p> dagar (juni 2022). Medlemane av samarbeidsutvala var inviterte til konferansen.</p> <p><i>Digital heimeoppfølging av kronisk sjuke</i>; Nasjonalt program for satsinga. Prosjekt i Nordhordland. Støtta av Digi Vestland.</p>
	<p><b>2.4 Felles e-læringsprogram for å spreie bevisstheit, kunnskap og kompetanse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide eit felles e-læringsprogram for å spreie bevisstheit, kunnskap og kompetanse omkring vurderingar av når er ein pasient er utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Somatikk</li> <li>- Rus og psykisk helse</li> </ul> </li> </ul>	2022	Eiga sak